



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjord, Rådhuset  
**Dato:** 17.11.2015  
**Tid:** 12:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Strøm	Medlem	SV

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Gunnar Strøm	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef, PS 176/15
Berit Koen	Barn og unge sin representant i planlegginga, PS 170/15
Per Heltne	Arealplanleggar, PS 170/15
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, PS 173/15
Kjell Magne Rindal	Orientering – utleige kommunale bygg
Per Ernst Lundberg	Rådgjevar, PS 172/15

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 168/15	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 169/15	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 170/15	<b>Plan Id 1519 -2012011: Reguleringsplan område B60 Strand</b>
PS 171/15	<b>Bruk av vertskommunetilskotet for asylmottak</b>
PS 172/15	<b>Førespurnad om kjøp av areal ved rundkøyringa i Storgata - gbr 19/711</b>
PS 173/15	<b>Utkjøp av brakker nytta til undervisning</b>
PS 174/15	<b>Justering av innkjøpsreglementet</b>
PS 175/15	<b>Kommunestyresak 114/15 - Spørsmål knytt til funksjon som ordførar</b>
PS 177/15	<b>Orienteringssaker</b>
OS 126/15	<b>Referat frå fellesmøte i prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform 05.11.2015</b>
OS 127/15	<b>Alternative løysingar for Søre Sunnmøre tingrett</b>
OS 128/15	<b>Møteplan for politiske møte 2016</b>
OS 129/15	<b>Val av nytt medlem i styret i Volda skisenter</b>
OS 130/15	<b>Omsorgstenesta - statleg finansiering</b>
PS 178/15	<b>Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunen sin medverknad</b>
OS 131/15	<b>Flyktningsituasjonen</b>
PS 176/15	<b>Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019</b>

## **PS 168/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Orientering utleige av kommunale lokale

Innleiingsvis i møtet orienterte leiar for eigedomsavdelinga, Kjell Magne Rindal, om rutinar kring utleige av kommunale lokale.

### **Innkalling**

Dokument utsendt møtedagen:

- Møteplan for politiske møte 2016
- Vedlegg til PS 176/15 – Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019, førebels orientering.

Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Sakliste**

Ordføreren kom med framlegg om å sette følgjande saker på saklista:

- Val av ny styrerepresentant – Volda skisenter
- Orientering kring flyktningssituasjonen

Margrethe Bjerkvik kom med framlegg om å sette val av kommunerepresentant i campusprosjektet på saklista

Odd A. Folkestad bad om ei orientering om status for forsøksprosjekt om statleg finansiering av omsorgstenestene.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføreren, Margrethe Bjerkvik og Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

## **PS 169/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 03.11.2015, vart samrøystes godkjent.

## **PS 170/15 Plan Id 1519 -2012011: Reguleringsplan område B60 Strand**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*

*Med fylgjande endring:*

*Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f\_SKV\_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

### **Handsaming:**

Arealplanleggar Per Heltne, orienterte formannskapet om reguleringsplan B60 Strand.

Barn og unge sin representant i planlegginga, Berit Koen, kom med synspunkt til planarbeidet.

Dan Helge Bjørneset kom med framlegg om å slette siste periode i tilrådinga får administrasjonen.

*Med fylgjande endring:*

*Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f\_SKV\_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

### **Røysting:**

Det vart røysta punktvis over tilråding frå administrasjonen. Første periode av tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt over siste periode av tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Dan Helge Bjørneset. Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Dan Helge Bjørneset røysta mot.

### **Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:**

- 1. Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*
- 2. Med fylgjande endring:  
Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f\_SKV\_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

## **PS 171/15 Bruk av vertskommunetilskotet for asylmottak**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Frå 01.10.15 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuarar ved EMA-avdelinga på Volda mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
2. *Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10% som lege knytt til helsetenestilbod overfor auka tal bebuarar i mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
3. *Kommunestyret gir rådmannen mynde til å styrke kommunal tenester overfor bebuarar i mottak innanfor ramma av vertskommunetilskotet.*
4. *Kommunestyret tek til vitende at det vert oppretta eit tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.*

### **Handsaming:**

Rådmannen la fram eit nytt pkt. 5 til tilrådinga frå administrasjonen:

*5. Styrkinga skal trappast nedatt med evn tilsvarande reduksjon av flyktningar ved asylmottaket.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen pkt.1-4, vart samrøystes vedteken.  
Nytt pkt 5, vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:**

1. *Frå 01.10.15 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuarar ved EMA-avdelinga på Volda mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
2. *Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10% som lege knytt til helsetenestilbod overfor auka tal bebuarar i mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
3. *Kommunestyret gir rådmannen mynde til å styrke kommunal tenester overfor bebuarar i mottak innanfor ramma av vertskommunetilskotet.*
4. *Kommunestyret tek til vitende at det vert oppretta eit tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.*
5. *Styrkinga skal trappast nedatt med evn tilsvarande reduksjon av flyktningar ved asylmottaket.*

### **PS 172/15 Førespurnad om kjøp av areal ved rundkøyringa i Storgata - gbr 19/711**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Helga Vasbotn får kjøpe eit areal frå gnr. 19 bnr. 711 slik det går fram av vedlegg 4 i denne saka.*

2. *Prisen for arealet vert til kr. 1350,- pr. m2, med unntak at arealet for tidlegare gategrunn som vert overdrege vederlagsfritt, og kjøpar må dekkje alle kostnader md overdraginga.*

**Handsaming:**

Rådgjever Per Ernst Lundberg svara på spørsmål frå formannskapet.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i formannskapet - 17.11.2015:**

1. *Helga Vasbotn får kjøpe eit areal frå gnr. 19 bnr. 711 slik det går fram av vedlegg 4 i denne saka.*
2. *Prisen for arealet vert til kr. 1350,- pr. m2, med unntak at arealet for tidlegare gategrunn som vert overdrege vederlagsfritt, og kjøpar må dekkje alle kostnader md overdraginga.*

**PS 173/15 Utkjøp av brakker nytta til undervisning**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret godkjenner at det vert inngått forhandlingar for kjøp av brakkene ved Øyra skule med dekning innanfor finansieringsramma for ny Øyra skule.*

**Handsaming:**

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte formannskapet om saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:**

*Kommunestyret godkjenner at det vert inngått forhandlingar for kjøp av brakkene ved Øyra skule med dekning innanfor finansieringsramma for ny Øyra skule.*

**PS 174/15 Justering av innkjøpsreglementet**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune sitt reglement for innkjøp frå 1998 vert oppheva.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret :**

*Volda kommune sitt reglement for innkjøp frå 1998 vert oppheva.*

**PS 175/15 Kommunestyresak 114/15 - Spørsmål knytt til funksjon som ordførar**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

**Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Formannskapet oppnemner Roald Espset (leiar), Gunnar Strøm og Margrethe Bjerkvik til innan 8.12.2015 å gi tilråding til formannskapet i sak PS 175/15.*

**Røysting:**

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i formannskapet - 17.11.2015:**

*Formannskapet oppnemner Roald Espset (leiar), Gunnar Strøm og Margrethe Bjerkvik til innan 8.12.2015 å gi tilråding til formannskapet i sak PS 175/15.*

**PS 177/15 Orienteringssaker**

## **OS 126/15 Referat frå fellesmøte i prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform 05.11.2015**

Ordføreren orienterte om arbeidet kring kommunereforma. I tillegg til fellesmøta i prosjektgruppene i Ørsta og Volda kommunar, har ein hatt dialog med kommunane Hornindal, Stryn og Eid om kommunereforma.

## **OS 127/15 Alternative løysingar for Søre Sunnmøre tingrett**

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

## **OS 128/15 Møteplan for politiske møte 2016**

Saka vart utsendt på møtedagen til orientering. Møteplanen skal handsamast i formannskapet og kommunestyret i desember.

## **OS 129/15 Val av nytt medlem i styret i Volda skisenter**

### **Handsaming:**

Ordføreren orienterte om at det vert halde generalforsamling i Volda skisenter AS 17. 11.2015.

Ein vararepresentant, ynskjer å trekke seg frå vervet i styret i Volda skisenter AS.

Øyvind Festø kom med framlegg om at han kan stille i vararepresentanten sin stad.

Ordføreren vil formidle dette vidare i generalforsamlinga.

### **Merknad til protokoll:**

I etterkant av møtet har det kome fram ny informasjon, som viser at Volda kommune sine representantar i Volda skisenter AS vert vald for to år og saka skal handsamast i valnemnda og kommunestyret.

## **OS 130/15 Omsorgstenesta - statleg finansiering**

Odd A. Folkestad ynskte ei orientering om status kring statleg finansiering av omsorgstenesta. Rådmann og ordførar finn at Volda kommune ikkje no har kapasitet til å førebu søknad om forsøksprosjekt om statleg finansiering av omsorgstenesta.

## **PS 178/15 Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunen sin medverknad**

### **Handsaming:**

Det vart vist til vedtak - PS 160/15, pkt. 2. - i formannskap 03.11. 2015.



Margrethe Bjerkvik trekte Arild Iversen som medlem i utvalet og foreslo seg sjølv i hans stad.

Anders Egil Straume kom med framlegg om å overta Margrethe Bjerkvik sin plass som varamedlem.

Odd A. Folkestad kom med framlegg om at Roald Espset tek over hans plass i utvalet.

Formannskapet drøfta dette og var samde om at ordføraren får fullmakt til å sette opp framlegg til endeleg samansetjing av kommunen sine medlemmer i utvalet. Medlemene vil verte oppnemnt av kommunestyret i samband med handsaming av saka om Campusutvikling.

### **OS 131/15 Flyktnings situasjonen**

Ordføraren og rådmannen orienterte om flyktnings situasjonen. Det vert lagt fram politisk sak som gjeld oppmoding om busetjing av flyktningar, i formannskapet og kommunestyret, i desember.

### **PS 176/15 Årsbudsjett og økonomiplan 2016-2019**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

#### **Handsaming:**

Vedlegg – *Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019, førebels orientering*, vart utsendt møtedagen.

Formannskapet starta arbeidet med årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019. Saka vart drøfta og formannskapet kom med spørsmål til administrasjonen. Endeleg tilråding i formannskapet til kommunestyret, vert gjort 1. desember 2015.

Møtet slutt 14:50

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
18.11.2015

Sonja Håvik  
konsulent